

Kollerud - Kolrud (gnr. 10)

Kollerud: Namn der førsteleden er k o l eller K o l l.
Skrivemåten av namnet i eldre tid viser til mannsnamnet K o l l-

I Gjengjerdjen 1528 er det nemnt eit gardsbruk i Fåberg ved namn Solerudt. Det er truleg ei feillesing eller feilskriving for Kolerud. Brukaren der heitte da Viger (Veger), og han betalde den utlikna skatten med eit halvt lodd sølv. Ein mannsalder seinare er i 1558-58 er brukaren kalla Erich Kollerud, og han svara da den utlikna foringskatten med 1 dr.

Om den geografiske staden her garden ligg, merker ein seg elles at her er dei beste vilkår for næringsgrunnlaget jakt, fangst og fiske. Her ligg skoglier med storvilt og småvilt kloss inn til skigarden, og her renn Rinna elv med Mjøsaure og bekkekjøe nede på jordet.

Her på Kolerud i Fåberg var det i 1720 synfaring og takst, og om dette fortel ei utskrift av tingboka slik:

”Kolerud i Faaberg. 31. mai 1730

Besiktigelse av pl. Kolerud.

3 mål sæd aker og engen ganske ringe. Jorden er mager og av rødouhr som gir liten frukt. Kornet fryser og tar skade i kolde åringer. Sår 18 settinger som regnes for 1 tønne, føder 2 kjøer og 2 ungnøt samt 4 sauer. Skog til fornødenhet. Opsideren Mathis Eriksen har forrige foged Coldevins bevilling til oppryddelse og har gitt 1 rd. årlig i rydningsskatt. Skyldsettes for ½ kalvskind.”

Tre år seinare kom matrikkelframlegget av 1723 med fleire opplysningar om gardane. Der er det om ”Kollerud” fortalt at gardsbruket ligg i baklia, men er lettbrukt. Jordarten er oppgitt til ” Temmelig god, dog noget vaadlent”. Bruket var framleis ”Deris kongl. Mait. med bøxel tilhørig”, men mandskylda var da høgda til 1 skinn.

Men i 1730 fekk så Lars Siverson dette skjøtet på bruket sitt:

”Kollerud.

Kongeskjøte dat. 22 mai 1730 tgl. 12. juli s.å. Fra Friderich den fjerde konge til Danmark og Norge til Lars Siverson og hans arvingar på deres eiende andel i garden Kollerud i Fåbergs prestegjeld beliggende som skylder 1 skins med bøxel for sum 50 rd.”

Året etter fekk i 1731 Lars Siverson Kollerud og eit skjøte av Arne Halvorsen Rindal på ”en slåttmyr Hjemsåttmyren kaldet, som hittil har ligget til Rindal for 9 rd.”

Da sonen Siver Larsen i 1762 slutta som brukar på Kollerud og gav skjøtet til Amund Myren, var det vorte ein heilt annan pris på garden. Om dette fortel ei utskrift av tingboka som er sålydande:

”Koleruud”.

Skjøte dat. 8.mai 1762 tgl. 4. oktober s.å.

Fra Siver Larsen Kolruud av Fåberg til Amund Pedersen Myren og arvingar på gården Kolruud skyldende 1 skind samt dens fulde besetning av hester og fækreature samt lørøre tillikemed 12 tylfter tømmer ved elvebakkene, alt for sum 580 rd., hvorav han har betalt de 100 rd. og resten skal betales den 14. april 1763.”

I år 1769 gav elles Amund Pedersen Kollerud skjøte til Ole Ellevsen Kolberg på grd. Kollerud av skyld 1 skinn for 600 rd. Fire år seinare var i 1773 kona til Ole Ellevsen, Mari Olsdtr., død, og det var da arveskifte på "Kolrud i Faaberg". Ved dette skiftet vart jordegodset i arvebuet, grd. Kolrud verdsett til 352 rd., og arvebuet utgjorde brutto 483 rd., men gjelden var 567 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Ole Ellevsen dei 4 borna i ekteskapet, sønene: Ellev, Ole, Christen og Svend.

I tida frå 1778 var det derimot ektefolka Torger og Ingeborg som budde i "Kollerud". Dei fekk da fleire born. Det var: 1. Ole f. 1778, 2. Ingeborg f. 1780, 3. Kristen f. 1783, 4. Anne f. 1787, 5. Marthe f. 1790.

Men tre år seinare gav i 1793 Torger Olsen skjøte til Ole Christensen og Jon Iversen Rindal "på gårdsplassen Kollerud av skyld 1 skind for 480 rd. + føderåd til Torger Olsen Kollerud og hustru av grd. Kollerud. - Av same året er og ei anna sak som her er av interesse, og som er referert slik:

"Fåberg 16. febr. 1793.

Fogden anmeldte følgende ruinerede sager: Kollerbergs, Simenruds, Rustadens, Langsets, Kolleruds og Hougers.

Lagretet og almuen bekreftet at det forholdt sig som inspur."

Truleg er det ein etterverknad av storflommen i 1789 vi her har for oss.

Ved folketellinga i 1801 er Torger Olsen og hustru Ingebor Christensdtr. innført som føderådsfolk under øvre Rindal. Da hadde nok Torger Kolrud framleis Paulsstua eller Kolerudhagen. Men av 1803 er eit skjøte der Torger Kolrud selde til Joen Iversen Rindahl og Jens Scheggstad Rindal "plassen Poulsstuen eller Kolrudhagen, samt det føderåd som Torger Olsen og hustru forbeholdt sig ved Koleruds avståelse for 399 rd.

Etter matrikkelframlegg for Fåberg av 1819 låg "Kolrud" da framleis med den eine halvparten til Rindal nedre og den andre halvparten til Rindal øvre. Slik var det og ved matrikuleringa i 1836. Men 16 år seinare var det i 1852 skyldsetningsforretning og ein del av Kolerud vart da fråskilt og selt til Ole T. Moen, som i 1862 overdrog dette bruksnr. av Kolrud vidare til svigersonen Ole H. Moen.

Meir om storleiken på gardane i den tid går fram av jordbrukstellingane i 1865.

Der er det og om "Kollerud" oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da utgjorde 94 mål, og av dette var 11 mål jord av 1. klasse.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld uttrykt i skylddalar og mark, og slik at det var 100 øre i 1 mark. "Kolerud", som namnet der er skive, fekk da som sitt gardsnummer nr. 10 av samla skyld 1,64 mark, og det var alt da 2 bruksnummer under gardsnr. 10 Kolerud. Det var: a. Grn. 10 brn. 1 Kolerud av skyld 0,82 mark, som framleis Ole Halvorsen Moen var eigar av, b. grn. 10 brn. 2 Kolerud av skyld 0,82 mark, som Ole H. Moen og var eigar av.

Men etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vidare skjedd dei skifte at: a. grdnr. 10 brn. 1 av skyld 0,34 mark tilhørde Oluf og Halvor Olssøner Moen, b. Dei hadde og brn. 2. Kolerud av skyld 82 mark. c. Grd. 10 brn. 3 Kolerudhagen av skyld 0,32 mark var da overtatt av

Mathias Hagen; vidare hadde Andreas Bostrup tilhandla seg brn. 10 nrn. 4 Kolerud nordre, skyld 0,16 mark.

Etter dette budde det ved kommunevalet i 1907 fem personar med røysterett i og/eller ved Kolerud og 2 personar med røysterett i Kolerudhagen. Dei var: 1. Kolerud: 1. gardbr. Andreas Larsen Bostrup, 49 år, 2. husmor Klara Bostrup, 43 år, 3. arbeidar Alexander Olsen Kolerud, 39 år, 4. arbeidar Johan Larsen, 75 år, 5. arbeidar Laurits Johansen, 33 år: i Kolerudhagen: 1. gardbr. Matias Andressen Hagen, 45 år, 2. husmor Tora Olsdtr. 34 år, Husmora Tora Olsdtr. f. Moen og Mathias Kolrudhagen, frå Nes på Hedmarken hadde 10 born som alle voks opp ut over ungdomsalderen. Dei var: 1. Oline Kolerudhagen f. 1894, g.m. Johannes Lillenermo, Øyer, 2. Tea Kolerudhagen f. 1896, g.m. Ole Tansem, Minnesund, 3. Aslaug f. 1898, ugift, 4. Gudrun f. 1900, g.m. Olaf Lundvolden, Vingrom, 5. Margit f. 1903, ugift, lærerinne, 6. Ragnhild f. 1905, død 1930, ugift, 7. Olav f. 1907,, død 1945, 8. Trygve f. 1909. g.m. Kristine Sørheim, Øyer, brukar i Kolrudhagen nå, 9. Halvard f. 1911, 10. Tine f. 1914, g.m. Bjarne Salvesen v. Grimstad.

Av handlar med K o l e r u d i seinare tid tek vi elles med at i 1931 kjøpte så Kristian T. Rindal grn. 10 brn. 6 Kolerudslåtten av skyld 0,04 mark og brn. 7 Hafelskog av skyld 0,06 mark. Samtidig kjøpte og Andreas Bostrup brn. 8 Alfheim. Vidare kjøpte i 1932 Fåberg Kommune grn. 10 brn. 9 Rinnheim av skyld 0,02 mark. I mellomtida hadde elles Asbjørn Bostrup f. 1901, son av Andreas og Klara Bostrup, i 1917 kjøpt farsgarden Nord-Kolerud grn. 10 og 9, brn. 4 og 10, som han snart etter selde til den kjende skiløparen Håkon Brusveen, som før hadde nabobruket Brusveen, tidlegare husvær under nedre Rindal. Av interessante og uvanlege ting å sjå er her Håkon Brusveens premiesamling.

Bruket Kolerudhagen, som er nemnt fleire gonger her framanfor, ligg i skogen 2-3 km opp for Kolerud. Her ved Kolerudhagen skal det elles eingong ha hendt det merkelege at det ein vinter var bjørnehi i skogen ganske nær ved garden. Men dette likte nok ikkje hunden i Kolerudhagen. Han vantro og knurra og søykte mot skogen i utide, sa Halvor Moen, som fortalde dette, Bjørn var det elles i den store skoglia her på vestsida av Rinna heilt oppimot vår tid. Landhandlar Hagbart B. Grythe, som var ein ivrig hareskyttar, fekk såleis eingong der oppe i lia ein bjørn i harelosen. Her inne på sæteråsen ikkje så langt frå Sjoghaugen var det og at han vart skoten den bjørnen som i ei årrekke har stått utstoppa i vestibulen i Victoria hotell på Lillehammer.